

## Ny opplæringslov – høyringsvar

Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) ønskjer å kommentera dei delane av framlegget til ny opplæringslov som regulerer nynorsk i skulen og nynorskelevane sine språklege rettar.

Det er positivt at Kunnskapsdepartementet ser ut til å ta dei språkpolitiske måla i språklova på alvor og difor legg vekt på å støtta opp om nynorsk som det minst brukte norske språket. Retten til språkdelte grupper i ungdomsskulen er eit særleg viktig tiltak. I dette høyringsvaret vil likevel LNK leggja størst vekt på det presset nynorskelevar og nynorsk språk kjem under gjennom den pågåande digitaliseringa av skulen.

### Digitaliseringa av skulen

Digitalisering av norsk skule er positivt og nødvendig. Men samstundes har digitaliseringa gjort at nynorskelevane i dag ser mindre nynorsk i skulekvardagen enn før. Som LNK har peika på ved fleire høve dei siste åra, er dagens situasjon uholdbar. Kommunane og fylkeskommunane blir sette i ein umogleg situasjon, der dei må velja mellom å bruka dei beste verktøya og ressursane – ofte berre utvikla på engelsk og/eller bokmål, eller vera prinsippfaste og velja mellom dei få tilboda som er tilgjengelege på nynorsk – og såleis kanskje risikera å gje elevane sine eit dårlegare tilbod enn det elevar på bokmålsskular får.

Heilt sidan parallellitetskravet kom inn i lova, har forlag og andre læremiddelprodusentar funne kreative måtar å omgå kravet på. Digitaliseringa har gjort dette enklare og meir utbreidd enn nokon gong. Kommunane og fylkeskommunane må sjølvstøtt vera medvitne om ansvaret sitt for å sikra at parallellitetskravet blir etterlevd, men det trengst sterkare lovformuleringar for å støtta opp om dette arbeidet.

LNK meiner difor at læremiddelparagrafen i den nye opplæringslova må få ein forskriftsheimel. Heimelen bør leggja til rette for sentralt regulerte ordningar som vil gjera det lettare for kommunane og fylkeskommunane å etterleva krava i lova. Då kan kommunane og fylkeskommunane mykje enklare sjå om dei oppfyller den retten elevane har til å få alle læremiddel på hovudmålet. Slike nasjonale ordningar kan til dømes vera eit sentralt læremiddelregister, der kommunane og fylkeskommunane enkelt kan skaffa seg oversyn over kva som ligg føre på både bokmål og nynorsk. Registeret må omfatta alt som finst av læremiddel; ut frå ein ny definisjon som samlar under eitt det som i dag vert kalla læremiddel, læringsressursar og læringsverktøy. Registeret må sjølvstøtt omfatta både trykt og digitalt tilfang som skal brukast i skulen.

Med “læremiddel” er det viktig å ta med alle dei digitale verktøya som vert brukte i skulen. Chromebook, Ipad og andre dominerer denne læremiddelnisjen, men har mykje svakare brukargrensesnitt for nynorskbrukarar enn for bokmålsbrukarar. Denne favoriseringa ser ut til å vera gjennomgåande i alle fag og emne der nynorsk vert brukt. Lovutkastet tek ikkje omsyn til dette. Såleis stadfestar lovutkastet ein diskriminerande praksis.

LNK ventar at digitalt utstyr og programvare – inkludert administrativ programvare (kontorstøtteprogram), læringsplattformer, operativsystem og liknande – vert definert som læremiddel og underlagt parallellitetskravet. Dette for å kunna gje elevane like vilkår i språkopplæringa, vilkår som dei treng og har rett på, uavhengig av om hovudmålet deira er bokmål eller nynorsk.

Som nemnt er det ein tydeleg tendens til at dei som utviklar læremiddel utnyttar den utydelege skilnaden mellom omgrepa «læremiddel» og «læringsressursar» for å omgå parallellitetskravet. Dette må lovteksten hindra, ved å inkludera «læringsressursar utvikla til bruk i skolen» i parallellitetskravet. Dette tillèt at ein som før kan bruka bakgrunns- og kjeldestoff på både bokmål og nynorsk, men at dei ressursane som til dømes er spesifikt utvikla av læremiddelprodusentar for bruk i skulen, må finnast på begge skriftspråk til same tid og pris.

*Framlegg til endring i lovteksten:*

§15-3, andre avsnitt, andre setning. Endre til:

*«Krava gjeld for læremiddel som skal brukast jamleg i opplæringa, og som dekkjer vesentlege delar av læreplanen i faget, samt læringsressursar utvikla til bruk i skolen.»*

*Digitale verktøy*

LNK ser at ein lovtekst som inkluderer alle digitale verktøy i parallellitetskravet kanskje vil kunna skapa andre utfordringar for kommunane. Intensjonen er god, men vil krevja presise lovformuleringar. Erfaringa LNK og andre organisasjonar har med teknologi produsentane så langt, syner at me treng ei lovformulering utan smotthol for å oppnå reell endring. Covid-19-pandemien førte til ein eksplosjon i teknologiutviklinga i skulen, då skular over heile verda plutsleg skulle gjennomføra fjernundervising. Dette arbeidet vart i Noreg leia av amerikanske teknologigigantar, som det i praksis er umogleg å koma utanom for norske skular i dag.

LNK vil be om at ein i forskriftsheimelen tek stilling til ansvarsfordelinga. Tydelegare statleg styring gjev høve til betre kvalitetssikring av læremiddel. Når ansvaret for å gå god for kvaliteten på læremidla er isolert lokalt, blir det vanskeleg å få gjennomslag hjå store, ofte internasjonale leverandørar.

Lovteksten, slik han ligg føre i utkastet, vil i praksis bety at det er nynorskkommunane og fylkeskommunane som må driva kampanje overfor teknologiselskapa. Men alle elevar (til dømes dei med nynorsk som sidemål) vil ha stor nytte av skriveprogram som støttar både nynorsk og bokmål, så dette bør vera noko som blir takla på nasjonalt nivå, ikkje berre i nynorskområde. Det å leggja opp til at einskildkommunar/skuleeigarar skal arbeida direkte opp mot internasjonale selskap er naivt, og i beste fall lite effektivt.

For å få bukt med problemet, trengst det difor ein lovtekst som seier at det blir ulovleg å kjøpa inn skriveprogram som ikkje støttar både bokmål og nynorsk, til bruk i skulen. Dette vil kunna auka presset på teknologi produsentane.

*Framlegg til endring i lovteksten:*

§15-4, andre avsnitt. Endre til:

*«Skulen skal bruka skriveprogram som støttar både bokmål og nynorsk, og som følgjer offisiell norsk rettskriving.»*

## **Norskfaget**

LNK meiner at ein må styrkja formuleringane i lovteksten som regulerer tilhøvet mellom dei norske språka i læremidla for norskfaget. Følgjande formulering er henta frå §2-5 i eksisterande opplæringslov og er ikkje endra i det nye lovutkastet: «I norskopplæringa skal elevane ha lærebøker på hovudmålet». Ein konsekvens av dette kan vera at nynorskelevar, med denne lovteksten, risikerer

å få bøker på bokmål i faget norsk gjennom heile skulegangen, heller enn bøker med innslag av bokmål, som truleg er intensjonen. Dette må justerast i den endelege lovteksten.

Departementet skriv i høyringsnotatet: «Departementet mener at det viktigste er at dagens regelverk sikrer at summen av tekstene elevene møter i norskfaget, er godt fordelt mellom bokmål og nynorsk. Dette sikres i dag gjennom læreplanen i norsk.» Dette er ikkje tilstrekkeleg for å sikra nok nynorsktekstar i undervisinga og læremidla, særleg for nynorskelevane. Ei fersk masteroppgåve av Liv Astrid Skåre Langnes ved Nynorsksenteret (<https://hdl.handle.net/11250/2780787>) syner til dømes at eit stort fleirtal av tekstane i lesebøkene til nynorskelevane i ungdomsskulen er på bokmål. Det gjev nynorskelevane eit dårleg utgangspunkt for å læra hovudmålet sitt godt. Lovteksten bør difor spesifisera at læremiddel og tekstar på hovudmålet skal vera hovudregelen i norskfaget, og at alle unntak frå denne hovudregelen skal vera grunngjevne i læreplanmål.

*Framlegg til endringar i lovteksten:*

§15-3, siste avsnitt. Legg til:

*«I norskfaget skal elevane ha læremiddel på hovudmålet sitt, men med nok tekstar på sidemålet til å at dei kan oppnå kompetansemåla i dette faget.»*

#### **Ordlister m.m.**

Merknad om

§ 15-4 Ordlister, ordbøker og skriveprogram

*Dei norskspråklege trykte og digitale ordlistene og ordbøkene skulen brukar, skal vera godkjende av Språkrådet.*

#### **Rådgivande folkerøystingar**

LNK støttar departementet si vurdering av rådgivande folkerøystingar.